

## Referat i stikkordsform møte Bygdelaget på Coop/ Fjord Atmosfære 20.januar 2019

Etter årsmøtet i Eresfjord Bygdelag den 20.januar var temaet Nye Molde og innbyggerinvolvering. Tre aktuelle spørsmål som Oppgaveutvalget i Nye Molde stiller er:

1. Hvordan ønsker dere å bidra til å utvikle den nye kommunen, og hva kan dere bidra med?
2. Hvilke tre viktige områder for deg med den nye kommunen?
3. Hvordan ønsker dere å bli involvert i det videre arbeidet?

### Viktige områder er:

1. Kommunikasjon / gode veier
2. Boligområder/ utleigeboliger
3. Landbruket
4. Nye arbeidsplasser/ta vare på dei som er
5. Skule/samfunnshus
6. Coop'n med post, bensin/diesel, kafe/møteplass, toalett, nasjonalparkinformasjon / turistinfo, slamtømming for bobil (den einaste som finst i Neset i dag)
7. Elva Eira
8. Reinsdyrjakta
9. Vatningsanlegget
10. Revisjonsskjønnet for Aura og Takrenna.
11. Kunnskapsformidling overfor nye Molde/ folkeopplysning om Eresfjord og vi som bur her.

### **Sjukeheimen, den gamle:**

Istaden for å selge bygget foreslår vi at bygninga blir restaurert og fornya med tanke på utleige. Finansiering via Kraftfondet og andre fond som følgje av kraftutbygginga, samspleis mellom alle 4 fonda. Bygninga kan delast etter forskjellige behov.

Deretter for rimeleg utleige til gründere eller andre som har idear dei vil prøve ut. Kontakte NTNU for muleg interesserte derifrå.

Kan også fungere som kontorlokale for andre. Eksempelvis Bøndernes Regnkapskontor.

### **Boligtomter / hovedvassledninga**

Bortsett frå noen ledige tomter i det nye boligfeltet ved Coop Eresfjord finst det nesten ingen andre. Men 4 tomter kan frigjøres i eksisterande boligfelt Frisvollhagen. Dette ved at hovedvassledninga blir lagt om. Den hindrar boligbygging på noen areal der. Men ved at vassledninga blir lagt om, f.eksempel lagt i vegen vil tomtene bli frigjort. Samstundes med omlegging av hovedvassledninga må den dimensjonerast på ein slik måte at den toler meir enn dagens. Det har vore utallige brudd i denne vassledninga opp gjennom åra. Det kostar peng!

Finansiering via Kraftfondet.

### **Kunnskapsformidling:**

Vi har mistanke om at det i Molde hersker ei form for kunnskapsløyse om korleis livet her på bygda og i Eresfjord er. Derfor må det utøvast ei aktiv formidling av kunnskap med direkte informasjon til rådmannskontoret i Nye Molde. Gjeld alle dei 10 punkta lista opp ovanfor.

Må også ha kontakt med dei nye som blir valt inn i kommunestyret i Nye Molde. Kommunedelsutvalget vil sannsynlegvis også bli ein innfalsport for kommunikasjon.

### **Gatelys**

Det er behov for ein del nye gatelys i Eresfjord. Sak som Bygdelaget kan følge opp f.eks via Kommunedelsutvalget.

### **Ladestasjon el-bilar i Eresfjord**

Som pkt.6 viser, er Coop Eresfjord med sine mange funksjonar ein møteplass og eit sentrum i Eresfjord. Her bør det også leggest ein ladestasjon for elbilar.

For å utvide turist-informasjonen til å gjelde heile døgnet er det planar for nye skilt ute som f.eks kan informere om:

- Nasjonalparken
- Helleristningane på Bogge
- Sykkelbygda
- Elva Eira

Besøksstrategi for Dovrefjell og Sunndalsfjella Nasjonalpark er eit eige prosjekt der også i Eresfjord er involvert.

Finansisering via Kraftfondet og andre fond.

[Om Eresfjord Bygdelag](#)

Referent: bmø